

Info om uteskulen våren 2018



Uteskulen startar fredag 4. mai til og med fredag 8. juni. I år vil me ha uteskulen i Kleppeloen.

Me har med uteskule mobilen vår, så fint om de ringjer/melder på denne: 91245393.

Me startar kvar dag med samling. Etter samlingane får elevane leike litt.

Kvar fredag har vi aktivitetar med fagleg innhald. Alle elevane er med på aktivitetane, og dei vert då delte inn i trinnvis.


Etter aktivitetane er det mat og **maten er viktig på uteskulen.**

Me har med oss panna på uteskulen.

Elevane kan ha med seg pølse/karbonade, osteskiver (smør også på utsida), oppdelte poteter og grønsaker (eventuelt i lag med kjøt, pølser i bitar). Pass på at det ikkje er for mykje vatn rundt potetene, det sprutar i panna. Viss barnet har med oppdelt mat, må de hugsa å ta med tallerk eller matboks og bestikk. Det er eit tips å pakka inn maten i folie.



Elevane kan ha med seg vanleg matpakke. Det er og mange som har med seg Mr.Lee og Rett i koppen. Dei må då ha med seg varmt vatn på ein termos. Det er lurt å ha med seg godt med drikke, helst vatn. Saft får dei berre lov å drikke til måltidet. Me tek med oss mjølk og frukt på uteskulen, så dersom du har tinga det til ditt barn, får dei det og på uteskulen. Det er ikkje lov å ha med seg kjeks eller anna søtsaker.



Ta med på uteskule:

- Sitjeunderlag med namn
- Kleder etter veret, ta med ekstra genser og sokkar
- SFO ungane må ha klesskift på skulen
- Nistepakke og drikke
- Kopp, tallerk, skei og gaffel

Litt nytt om skyss/sykling:

Alle elevane skal møta ved scenen i Kleppeloen kl 08.20. Det vil vera ein voksen frå skulen til stades ved scenen frå kl 08.10.

Elevane som er på morgen SFO tek taxi frå skulen til parkeringsplassen i Sofie Steinnes veg. (ved det nye byggefeltet rett ved «loen», ved hus nr 23).

Elevane kan hentast på parkeringsplassen ved Sofie Steinnes veg (ved hus nr 23) frå kl 11.45 og seinast kl 11.55.

Resten av elevane blir sendt heim frå scenen i Kleppeloen kl 11.45.

Elevar som skal på SFO blir henta av taxi og køyrde til skulen.

Helsing lærarane på 1.-4. trinn